



# ÅRSMELDING

AS REGIONTEATRET I MØRE OG ROMSDAL 2022

Teatersjefens årsrapport	<b>6</b>
Resultatrekneskap	<b>22</b>
Balanse	<b>24</b>
Notar	<b>26</b>
Revisors beretning	<b>32</b>
Statistikk	<b>34</b>
Nøkkeltal	<b>35</b>
Økonomisk resultat	<b>35</b>
Repertoar	<b>40</b>
Tilsette	<b>42</b>
Styret	<b>43</b>
Representasjon	<b>43</b>

Framsidedeile:  
Utgjevar:  
Ansvarleg utgjevar:  
Redaksjon:  
Utforming:

Kim Haugen og Nils Vogt i *Trillingene* Foto Erik Birkeland  
Teatret Vårt AS Regionteatret i Møre og Romsdal  
Kristian Lykkeslet Strømskøg  
Kristian Lykkeslet Strømskøg, Knut Lidvard Høgset og Rolf-Inge Pedersen Hjelseth  
Rolf-Inge Pedersen Hjelseth



## PULS

Idé og konsept **Espen Dekko** og **Gilles Berger**

Skuespillere **Gilles Berger** og **Karoline Ellingsen Wheeler**

Regi **Espen Dekko**

Scenografi **Gilles Berger**

Tekniske løsninger **Gilles Berger** og **Richard Verley**

Lysdesign **Eirik Torsethaugen**

Lyddesign **Martin Smidt**

Kostymedesign **Berit Haltvik With**

Sminke **Leo Thörn**

Produsent **Ingrid Bjørnsnes Kvam**

Produsent pre-fase **Monica Stendahl Rokne**

Produsert i samarbeid med **Cirka Teater**

Première 17. september 2022  
på Sjøborg kulturhus, Ulsteinvik

Framsyringar: 24  
Publikum: 965

...ei undrande og magisk reise inn i eit fantasiland.  
KLASSEKAMPEN



**Vannvittig bra teater.  
Skuespillerne mestrer å få  
fram noe vi aldri har sett  
maken til i Molde.**

**ROMSDALS BUDSTIKKE**



## DEI SOM FER

Av **Mette Karlsen** og **Arne Lygre**

Regi **Mari Vatne Kjeldstadli**  
Scenografi, kostyme og lysdesign  
**Agnete Tellefsen**  
Musikk **Ingvild Langgård**  
Regiassistent **Rania Broud**

Med **Mari Strand Ferstad, Ingrid Myhre Løvik, Johanna Mørck, Kjersti Botn Sandal, Tov Sletta**

Takk til **Arnstein Hoem, Line Bjørnerem, Mary-Ann Bjørnerem, Anne Jorun Frostad, Ingvil Grytli, Anne Hungnes, Lena Håre, Steinar Johnsen, Anne Grete Kleven, Hilde Kortgård, Kristina Vik Myrvold, Kristine Nakken, Kjersti Nordbø, Anne Paustian, Unni M. Aspehøll Rishaug, Lise Ræstad, Heidi Skarvøy, Karin Skjette, Olav Stavik.**

Premiere 28. januar 2022  
på Teatret Vårt, Molde.

Framsyrningar: 15  
Publikum: 691

## TEATERSJEFENS ÅRSRAPPORT 2022

**Hei, hei der oppe på en stjerne,  
er det der du er, min bror?**

**Se her, jeg vinker fra det fjerne,  
ville sagt deg noen ord.**

Dette er det første som blei sunge frå Teatret Vårt. Kjetil Bang-Hansen skreiv teksten og Egil Monn-Iversen melodien. I fjor var det 50 år sidan *Tvillingene* hadde premiere i Ørsta. Den første gruppa vinka frå det fjerne og ville gjerne seie oss nokre ord. Desse orda ligg innerst i navet også i dag, for slik er det; Teatret Vårt vil gjerne seie deg nokre ord. Vårt mandat er å fortelje historier og lage teater med høg kvalitet i heile Møre og Romsdal.

Året 2022 har vore svært innhaldsrikt for Teatret Vårt. Vi har feira 50-årsjubileum med å være til stades i heile fylket – i store kulturhus, i intime samfunnshus, i byane og mindre tettstadar. Vi har vore i nord, sør, aust og vest i Møre og Romsdal. Framsyningane vi har laga har vi vist i fengsel, på aldersheimar, på skular, i barnehagar, heime i stover, på hytter, i ein garasje, i eit naust, i ei kantinekø og på ein sommarbåt.

Årets første premiere var *Dei som fer*. Regien var ved Mari Vatne Kjeldstadli, scenografi, kostyme og lysdesign ved Agnethe Tellefsen og musikk Ingvild Langgård. *Dei som fer* var eit unikt samarbeid mellom Mette Karlsvik og Arne Lygre, der dei fletta saman tekstane *Eg byrjar* og *Jeg forsvinner* til ei storslagen,

nær og sanseleg forteljing. Eit prosjekt utvikla frå botnen og med ønske om å bringe naturen til fylket vårt inn i teater-salane. Det lykkast vi med ved å inkludere både regn, vind, hav og kyst i salen og undersøkte korleis menneskelege relasjonar blir påverka av elementa i naturen rundt oss. Skodespelarane Mari Strand Ferstad, Ingrid Myhre Løvik, Johanna Mørck, Kjersti Botn Sandal, Tov Sletta var på scena saman med eit kor med Line Bjørnerem, Mary-Ann Bjørnerem, Anne Jorun Frostad, Ingvil Grytli, Anne Hungnes, Lena Håre, Steinar Johnsen, Anne Grete Kleven, Hilde Kortgård, Kristina Vik Myrvold, Kristine Nakken, Kjersti Nordbø, Anne Paustian, Unni M. Aspehjel Rishaug, Lise Ræstad, Heidi Skarvøy, Karin Skjetne og Olav Stavik. «Scenografien er illustrerande, regien er stram, personinstruksjonen god, og det er framifrå ensemblespel» skreiv Amund Grimstad for Klassekampen «Vannvittig bra teater. Skuespillerne mestrer å få fram noe vi aldri har sett maken til i Molde.» skreiv Romsdals Budstikke.

*Drømmespillet* var nok eit nyskrevet manus, basert på *Et drømmespill* av August Strindberg. Framsyninga var den andre i PlayOn-samarbeidet. Regi var ved Vera Krohn Svaleng og Eline Øverby. Kostyme og maske Johanna Dahlbäck. Lyddesign og musikk Felipe Noriega. Lysdesign Jonas P A Fuglseth. Framsyninga appellerte til ungdommar og med si form og rombruk utfordra og overraska den. Vi blei med på

ei reise inn i eit univers med fargerike skikkelser, der det meste var snudd på hovudet og røyndomen blei presentert på heilt nye måtar. På scenen sto Sigrid Alnæs, Kristoffer Egset, Jon Vegard Hovdal, Anne Wiig, Linn Christine Wennersten og Eline Øverby.

*Jo mere vi er sammen* av Kjøllmoen/Vedel var spesialbestilt til jubileumsåret. Vi ønsket å lage ein komedie som kommenterte dei ulike spenningane mellom fogderia i Møre og Romsdal. Framsyninga var verken dokumentarisk eller realistisk, men ein metaforisk tilnærming til naboskap og krangel. Det vart eit leikent og morosamt skråblikk på fylket og innbygarane som turnerte i heile fylket. Publikum fekk undre seg over spørsmåla: Treng vi egentleg å samarbeide med dei andre? Også dei som snakkar ei heilt anna dialekt og heiar på feil fotballag? Regi av Leiv Arne Kjøllmoen. Dramaturg Henriette Vedel. Scenografi og kostymedesign ved Freya Sif Hestnes og lysdesign av Jonas P A Fuglseth. Skodespelarar var Elias Moussaoui Anseth, Ingrid Myhre Løvik, Johanna Mørck og Olavus Frostad Udbye.

«Stykket utfordra våre verdiar. Det gjer at latteren, som alltid er på lur, av og til blir sittande fast i halsen. Kva er det egentleg vi ler av? Det er både vondt og morosamt på same tid.» Romsdals Budstikke. «Det er intelligent, det er artig, men det er også vondt.» Klassekampen

*Teaterekspressen* var ei anna spesialbestilling og gåve til fylket i jubileumsåret. Dette var ei improframsyning for barn og familiar, laga av Mats Eldøen. På scena var Kristoffer Egset, Preben Lillebø Rongve og Eline Øverby. For å feire jubileet fylde vi ein kassebil med tre leikne karakterar, kostymer, rekvisittar og 50 års teaterhistorie. På femti minutt improviserte skodespelarane fram publikums sjølvvalde favorittar frå teaterets historie. Framsyninga spelte på uvanlege stader rundt i heile fylket; i eit naust, i ei kantinekø, heime hos familiar, på arbeidsplassar osb. Ein veldig fin og annleis måte å feire 50 år på.

Vi gjentok tradisjonen med å lage godt utandørs sommarteater for barn. *Tre griser* og *en ulv* ble skrevet av Bjørnar Lisether Teigen i samarbeid med skodespelarane Jon Vegard Hovdal, Ingrid Myhre Løvik og Olavus Frostad Udbye. Vi fekk følgje Vidar Wolfs ville musikalske jakt på bandmedlemmer og grisane sine enda meir elleville påfunn som hindra planen hans. Det var ei framsyning med spenning, latter og masse song og musikk for heile familien. Premieren var ute på taket på Plassen, og vi spelte også fire gonger på Tueneset i Ålesund. Både *Teaterekspressen* og *Tre griser* og *en ulv* var ein del av TeaterNå-prosjektet.

I mai, nøyaktig 50 år etter stortingsvedtaket som etablerte Teatret Vårt laga vi *Festforestilling - Teatret Vårt 50 år*. I alt var 7 tidlegare teatersjefar, fem frå Teatret Vårt, involvert på og bak scena, samstundes som

vi hadde stjernelag med skodespelarar som har jobba ved teateret i ulike epokar. Kunstnarleg lag bestod av regissør Kristian Lykkeslet Strømskag, dramaturg Carl Morten Amundsen, scenograf Thomas Bjørnager, lysdesignar Jonas P A Fuglseth. Musikarar var Henning Sommerro og John Pål Inderberg. Og på scena sto Kjetil Bang-Hansen, Morten Borgersen, Terje Hartviksen, Gøril Haukebø, Ola B. Johannessen, Siren Jørgensen, Astrid Overaa, Pål Rønning, Vidar Sandem, Vivi Sunde, Ane Dahl Torp, Knut Walle. Vi ønska ikkje å lage ein historisk kavalgade, men å sjå på historia med nytt blikk og presentera ei framsyning med tidlause augneblink. Vi valde tekster frå tidlegare repertoar som vart nytolka og snakka til publikum i dag. Akkurat her og no saman i augneblinken - slik teater kan vere. For draumen om kva teatret kan vere er å sjå framover. Fantasien, forvandlinga og innlevinga lever vidare! Framsyninga var eit samarbeid mellom Teatrets Venner og Teatret Vårt og vart spelt fire gonger. Vi hadde besøk av Norsk Teaterlederforening som la sitt vårtreff til Molde i høve jubileet.

*Den som henger i ein tråd* var basert på Nini Roll Ankers roman med same namn. Dramatisering og regi var ved Toril Solvang. Scenograf og kostymedesignar var Marcus Olson og komponist og muskar var Sandra Kolstad. I romanen sin skildrar Nini Roll Anker livet på ein konfeksjonsfabrikk i Molde. Romanen er

fiksjon, men miljøet, menneska og samfunnsstrukturane var høgst verkelege. I dag, snart 100 år etter, er dei same konfliktane og utfordringane i menneske – og spesielt kvinners liv – framleis relevante og reelle. Ein viktig forskjell er at den globale økonomien og jakta på profitt har flytta problema til andre deler av verda. Toril Solvang og hennar lag lukkast med å lage eit samansett og gjennomkomponert verk som tok Nini Roll Ankers romanunivers inn i notidas dilemma, i den verda vi i dag lever våre liv i. Skodespelarane var Johanna Mørck, Ingrid Myhre Løvik og Kjersti Botn Sandal

«På Teatret Vårt har Toril Solvang tatt utgangspunkt i Nini Roll Ankers arbeiderroman, men brukt den godt til å si noe viktig om vår egen tid. For vi har alt for mye å ha på oss. Og ingenting å skjule oss bak» skreiv scenekunst.no.

«Den som henger i en tråd» tar inn mange problemstillingar som herjar samfunnet no – og då. Om eit liv i tekstilindustrien kan verka fjernt for mange, så er til dømes abortsaka stadig aktuell. Stykket er eitt av dei som markerer 50-årsjubileet til Teatret Vårt. Og det er ei sprek markering», skreiv NRK

Som ein del av TeaterNå utvikla vi *Teaterrotta* og *Da e va lita*. To framsyningar som kvar på sin måte utvida publikumsmangfaldet vårt. *Teaterrotta* er skriven av





Nils Vogt, Kirsten Hofseth og Kjetil Bang-Hansen i samtale med Svein Bjørnerem om den første tiden ved Teatret Vårt. Foto Øystein Eik.

Lina Taule Fjørtoft og var ei leiken vandre-framsyning for dei aller minste. Her lykkast vi med å utvikle ei framsyning som kommuniserte direkte til barna. Teaterrotta Pernille hadde i skjul snike seg inn på teateret for å lage teater saman med alle barn i fylket. Framsyninga var litt historieforteljing, mykje teaterleik og vandring bak scena til rom publikum vanlegvis ikkje ser. Barna vart til slutt inviterte inn i ein interaktivt teaterverkstad.

Da e va lita av og med Astrid Overaa var ei personleg forteljing om korleis det var å vere liten før - i «gamle dagar». Framsyninga veksla mellom historier og song. Med utgangspunkt i eigen oppvekst i Ålesund,

mimra Astrid tilbake på både morosame og såre små forteljingar. Songane vart akkompagnert på piano av Jan Gunnar Åkre. Framsyninga vart spelt både på eldreinstitusjonar og samfunnshus i heile fylket. Fleire av framsyningane var besøkt av både eldre og barnehogar saman. Det ga nokre fine augneblink av nærvær og direkte kommunikasjon.

Å feire 50-årsjubileet med ein ny versjon av *Tvillingene* var tidleg eit sterkt ønske. Det lot seg gjere da Kjetil Bang-Hansen takka ja. Han hadde regi på same stykket femti år tidlegare. Med seg hadde han scenograf og kostymedesignar Even Børsum, lysdesignar Øyvind Wangensteen og pianist og

arrangør Per Christian Revholt. Kjetil Bang-Hansen skreiv eit heilt nytt manus basert på Shakespeares original. Det vart mykje moro når dei to tvillingane spelt av radarparet Nils Vogt og Kim Haugen prøvde å finne seg sjølv i alle forviklingane. *Tvillingene* vart som vi håpa ein morosam leik med teater og Shakespeare; ei poetisk og musikalsk framsyning som publikum sette stor pris på.

Både i samansetjing av kunstnarleg lag, skodespelarane og innhaldet blei dette ei fin feiring av oppstarten. På scena var Nils Vogt, Kim Haugen, Kirsten Hofseth, Johanna Mørck, Ingrid Myhre Løvik, Kristoffer Egset, Eline Øverby og Sverre Røssummoen. Det var i seg sjølv teaterhistorie at Vogt og Hofseth var tilbake på scenene rundt i fylket 50 år etter at dei spela i den originale oppsetjinga. «Muntre forviklinger», skreiv Romsdals Budstikke. Klassekampen følgde opp med «Det er blitt ein lun, lågmælt og sjarmerande komedie».

For tredje gong og endeleg utan avgrensingar på publikumskapasiteten, spelte vi *Julekveld med Teskjekjerringa*. Framsyninga har blitt ein etterspurt gjengangar og vi ser publikum vende tilbake kvart år. Basert på Alf Prøysens jordnære univers har Kjersti Botn Sandal laga ein humoristisk og leiken versjon som saman med fargerike dekorasjonar, kostymer og musikk fenger både store og små! Historia om Teskjekjerringa minner oss på at om ikkje alt blir som vi

hadde tenkt, så blir det kanskje minst like bra likevel. I 2022 blei både manus og regi oppdatert, og vi fekk med oss dansarar frå Noise som kattedbarn og nissar. Scenografi og kostymedesign er ved Leiko Fuseya, Lysdesign Jonas P. A. Fuglseth, musikk ved Jonas Høgseth og koreografi Nikita Kistochka. Skodespelarar var Eline Øverby, Ingrid Myhre Løvik, Kristoffer Egset.

I 2022 kunne vi endeleg arrangere ein normal teaterfest. Vi hadde premiere på *Jo mere vi er sammen*, og tok imot gjestespela: *Alle fantastiske ting*, *Det går betre no*, *Nocturnal*, *Frå småby til Wembley*, *Pianistimo* og *Da var det oss*. Festivalen var besøkt av 1604 publikummarar og i Kafé Kurt blei det festivalstemning og fine møtepunkt mellom publikum, teatervenner, teateret og gjester.

Å supplere vårt eige repertoar med gjestespel gir ein fin balanse og eit rikt tilbod. I 2022 tok vi imot besøk både frå Riksteatret og fleire andre. Her er eit utval: *Detektivbyrå nr. 2*, *Hilde Louise Asbjørnsen-Stardust*, *Haugtussa*, *Mine venner*, *Skriblerier og melodonter*, *Twitter Theatre*, *Ved målet*, *Verden har ingen hjørner*, *Mellomland*, *Det er hardt å være bitch*, *Lev sjøll*, *Nissen som mista trua på seg sjøll*, *Mio min Mio*, *Tore Sagen gjør standup*, og *Snekker Andersen*.

Teatret Vårt har eit sterkt ønske om å nå ut til ein større del av befolkninga i fylket. Som ein spydspiss i dette arbeidet etablerte vi

TeaterNå. Med ekstra tildeling frå staten, fylkeskommunen og Fritt ord kunne vi satse i jubileumsåret. Vi oppsøkte eit nytt publikum på andre arenaer med direkte publikumskontakt og utvikla fleire oppsøkjande framsyningar i eit meir operativt og autonomt prosjekt enn den vanlege teaterdrifta. Vi har levert gratis teaterskole for vaksenopplæringa og flyktingtenesta og har halde skrivekurs i Hustad fengsel. *Teaterekspressen* og *Teaterrotta* blei laga spesielt tilpassa nye publikumsgrupper. Vi har hatt fleire tilrettelagde framsyningar for grupper med spesielle behov i alle tre byane våre og oppsøkt grupper i samfunnet som er underrepresenterte med hovudfokus på mangfald, inkludering og likestilling. Resultatet av arbeidet er at vi har skapt møteplassar der fleire innbyggarar kan delta, få tilhørsel og tillit til fellesskapet, og opne for menneske som ikkje kan delta i kulturtilbod.

Etableringa av TeaterNå ble ein stor suksess. Vi har laga teater for dei aller minste, for skoleelevar og ungdommar, familiar, vaksne og eldre. Menneske med ulik opphav, språk, bakgrunn, livssyn, meiningar og ståstad har møtt oss. Vi har invitert inn dei som aldri har vore på teater før, dei som ikkje har fysisk eller psykisk forutsetning til å gå på ordinære framsyningar, dei som har økonomiske-, sosiale

TE  
ATRET  
T VÅRT  
50  
ÅR  
1972 - 2022

eller andre utfordringar. Saman har vi delt unike opplevingar. Teatret skal vere ein stad for dei som kjenner oss frå før, men samtidig skal vi oppsøke nye grupper. Spesielt gledeleg er resultatet av samarbeidet med vaksenopplæringa i Molde og Ålesund, og flyktingtenesta. Det er inspirerende å høyre tilbakemeldingar frå nye publikummarar. Her set teateret direkte avtrykk og gjev meining. Med TeaterNå har vi senka terskelen for å få tilgang til teateropplevingar. Det gler oss å sjå at fleire har fått tatt del i teaterets tilbod og at prosjektet er etterspurt. Vi held fram med å utvikle dette vidare i 2023.

Det er mykje vi skal takke dei første pionerane for. Kjetil Bang-Hansen, Ola B. Johannessen, Rønnaug Alten, Per Gjersøe, Grete Nordrå, Marit Grønhaug, Kirsten Hofseth, Nils Vogt, Knut Walle og Alex Roald. Dei satsa og starta det som i dag er Teatret Vårt. Utan desse teaterkunstnarane ville vi ikkje hatt eit regionteater i Møre og Romsdal. Hadde dei gjort som dei blei anbefalt ville dei kanskje reist til Kristiansand. Det var nokre viktige aktørar her i fylket som ville det annleis – fylkeskultursjef Eiliv Birkeland, ordførar Petter Pettersson, rådmann Hall Guttelvik og lektorane Per Amdam og Tor Mælseter. Dei lokka dei hit og fekk avblåst reisa til Kristiansand. Viktig var også Riksteatrets sjef Eivind Hjelmtveit,

som gjennom sin jobb såg kva for ein enorm teaterinteresse som fantes i Møre og Romsdal. Her i fylket var framsyningane til Riksteatret mest besøkt i heile landet.

Den første gruppa skal også ha stor takk for namnevalet. Teatret Vårt må være det beste namnet vi kunne ønska oss. Namnet vart vald i håp om at det verkeleg skulle bli vårt teater – eit teater for alle i fylket, publikum like mykje som for skodespelarane. I valet låg eit ønske om at teateret kunne få lov å bli eit teater som hadde sin naturlege plass og betydning i Møre og Romsdal. Dette skulle ikkje vere eit meir eller mindre tilfeldig omreisande teaterensemble med eit uforpliktande forhold til publikum og samfunnet. Landets andre regionteater skulle vere ei utfordring til alle i fylket. Publikum og skodespelarane skulle saman skape, forme og gje det ein profil like markant som landsdelens eigen. Dette teateret blei til *Teatret Vårt*. Ikkje eit ekskluderande eigedomssjukt vårt, men eit inviterande, søkjande og inkluderande vårt. Namnet har vakse saman med teateret og i dag inspirerer det oss dagleg i arbeidet. Vi ønsker å være eit like opent, nysgjerrig og nærverande teater som ambisjonen var den gongen. Takk for namnet! Takk for utfordringa som ligg i det.

50 år er langt og kort. Det er eit halvt liv, og det er eit blaff i eit segl. Og mest av alt er desse 50 åra eit eventyr og ein draum. På same vis som Shakespeare minner oss på at vi er av same stoff som draumar blir vove av, er *Tvillingene* ei påminning om at draumar blir vove i teateret. Snart svinn draumane hen i tynn luft. Og blir med det meir verkeleg enn røyndomen. Teateret viser oss menneske som er nærare oss sjølv enn vi ante og gir oss moglegheita til å kjenne oss sjølv igjen i ei stadig meir framand og fragmentert verd. Vår jakt etter erkjenning er både ei reise inn i ei ny verd, men også ei sirkelrørsle tilbake til starten, til utgangspunktet, til oss sjølv. Eit jubileum er eit møte mellom oss i dag og fortida. Det gir gjenklang i teateret. Vi tar med oss alle opplevingane, møta og minna frå historia, og brukar det når vi legg kursen vidare.

### **Kristian Lykkeslet Strømskag**

teatersjef



## TVILLINGENE

En versjon av Kjetil Bang-Hansen  
Fritt etter William Shakespeare

Regi **Kjetil Bang-Hansen**  
Scenografi og kostymedesign **Even Børsom**  
Lysdesign **Øyvind Wangensteen**  
Bevegelsesinstruktør **André Moi Danielsen**  
Pianist og arrangør **Per Christian Revholt**

Med **Nils Vogt, Kim Haugen, Kirsten Hofseth, Johanna Mørck, Ingrid Myhre Lovik, Kristoffer Egset, Eline Øverby, Sverre Røssummoen**

Première 15. oktober 2022  
på Teatret Vårt, Molde

Framsyingar: 26  
Publikum: 2 584

Det er blitt ein lun, lågmælt  
og sjarmerande komedie.  
KLASSEKAMPEN

Muntre forviklinger  
ROMSDALS BUDSTIKKE

## DRØMMESPILET

Fritt etter *Et drømmespill*  
av August Strindberg

Regi **Vera Krohn Svaleng** og **Eline Øverby**

Kostyme og maske **Johanna Dahlbäck**  
Lyddesign og musikk **Felipe Noriega**  
Lysdesign **Jonas P A Fuglseth**  
Masker **Anita Jacobsen Marø**

Med **Sigrid Alnæs, Kristoffer Egset,**  
**Jon Vegard Hovdal, Anne Wiig,**  
**Linn Christine Wennersten, Eline Øverby**

Première 22. mars 2022  
på Arbeideren kulturhus, Ålesund

Framsyningar: 22  
Publikum: 631



Kofinanziert durch das  
Programm Kreatives Europa  
der Europäischen Union









## TVILLINGENE

En versjon av Kjetil Bang-Hansen  
Fritt etter William Shakespeare

Regi **Kjetil Bang-Hansen**  
Scenografi og kostymedesign **Even Børsum**  
Lysdesign **Øyvind Wangensteen**  
Bevegelsesinstruktør **André Moi Danielsen**  
Pianist og arrangør **Per Christian Revholt**

Med **Nils Vogt, Kim Haugen, Kirsten Hofseth, Johanna Mørck, Ingrid Myhre Løvik, Kristoffer Egset, Eline Øverby, Sverre Røssummoen**

Première 15. oktober 2022  
på Teatret Vårt, Molde

Framsyningar: 26  
Publikum: 2 584

Det er blitt ein lun, lågmælt  
og sjarmerande komedie.

KLASSEKAMPEN

Muntre forviklinger  
ROMSDALS BUDSTIKKE



Fra venstre: Ola B. Johannessen, Kjetil Bang-Hansen, Vidar Sandem, Knut Walle, Vivi Sunde, Terje Hartviksen, Carl Morten Amundsen, Siren Jørgensen, Ane Dahl Torp, Gøril Haukebø, Morten Borgersen, Astrid Overaa og Pål Rønning. Musikere bak: Henning Sommerro og John Pål Inderberg.  
Foto: Øystein Eik.



## FESTAFTEN TEATRET VÅRT 50 ÅR

Regissør **Kristian Lykkeslet**  
**Strømskag**  
Dramaturg **Carl Morten Amundsen**  
Scenograf **Thomas Bjørnager**  
Lysdesigner **Jonas P A Fuglseth**  
Teatermaler **Hans Erik Olsen**

Musikere **Henning Sommerro** og  
**John Pål Inderberg**

Med **Kjetil Bang-Hansen, Morten  
Borgersen, Terje Hartviksen, Gøril  
Haukebo, Ola B. Johannessen,  
Siren Jørgensen, Astrid Overaa, Pål  
Rønning, Vidar Sandem, Vivi  
Sunde, Ane Dahl Torp, Knut Walle**

Arrangementet var et samarbeid mellom  
Teatrets Venner og Teatret Vårt

Premiere 20. mai 2022  
på Teatret Vårt, Molde

Framsyningar: 5  
Publikum: 662

## JO MERE VI ER SAMMEN

av Kjøllmoen/Vedel

Manus og regi **Leiv Arne Kjøllmoen**  
Manus og dramaturgi **Henriette Vedel**  
Scenografi og kostymedesign **Freya Sif Hestnes**  
Lysdesign **Jonas P A Fuglseth**

Med **Elias Moussaoui Anseth**, **Ingrid Myhre Løvik**, **Johanna Mørck** og **Olavus Frostad Udbye**

Premiere 23. mars 2022  
på Teatret Vårt, Molde

Framsyningar: 19  
Publikum: 1 055




## Ubehagelig aktuelt teater. ROMSDALS BUDSTIKKE





## RESULTATREKNESKAP

	NOTE	2022	2021
<b>DRIFTSINNTEKTER</b>			
Billett- og programsal		2 647 403	2 047 712
Sal Kafé Kurt		3 013 577	2 031 074
Offentlege tilskott		54 164 028	51 547 452
Anna driftstilskott		4 181 555	2 976 892
<b>Sum driftsinntekter</b>		<b>64 006 563</b>	<b>58 603 130</b>
<b>DRIFTSKOSTNADER</b>			
Varekjøp Kafé Kurt		909 391	603 820
Lønnskostnader inkl sos.kost.	2	34 062 257	32 618 069
Materialkostnader		922 484	1 102 056
Sal- og informasjonskostnader		2 618 231	1 894 586
Kostnader vedrørende lokale		10 253 207	10 111 318
Utstyrskostnader		476 102	327 746
Avskrivning av driftsmidler og immaterielle eiendeler	3	1 078 980	1 053 362
Annen driftskostnad		16 371 036	10 071 564
<b>Sum driftskostnader</b>		<b>66 691 688</b>	<b>57 782 523</b>
<b>Driftsresultat</b>		<b>-2 685 125</b>	<b>820 607</b>
<b>FINANSINNTEKT/-KOSTNAD</b>			
Anna renteinntekt		104 613	18 151
Anna finansinntekt		164 470	200 223
Anna rentekostnad		5 294	0
Anna finanskostnad		78 994	44 428
<b>Resultat av finansielle postar</b>		<b>184 796</b>	<b>173 946</b>
<b>Ordinært resultat før skattekostnad</b>		<b>-2 500 329</b>	<b>994 552</b>
Skattekostnad på ordinært resultat		0	0
<b>Årsresultat</b>		<b>-2 500 329</b>	<b>994 552</b>
<b>Overføringar</b>			
Avsatt til anna egenkapital	4	0	994 552
Overført fra annen egenkapital		2 500 329	0
<b>Sum overføringar</b>		<b>-2 500 329</b>	<b>994 552</b>



## HIP HÅP

av Bjørnar Lisether Teigen

Musikk Erik Teigen  
Koreograf Nikita Kistochka

Med Kjersti Botn Sandal og Bjørnar  
Lisether Teigen

Premiere 27. januar 2022  
på Teatret Vårt, Molde

Framsyrningar: 2  
Publikum: 87

# BALANSE

	NOTE	2022	2021
<b>EIENDELAR</b>			
<b>ANLEGGSMIDLAR</b>			
<b>Varige driftsmidler</b>			
Driftslausøyre, inventar o.a. utstyr		3 252 490	4 479 697
<b>Sum varige anleggsmidler</b>	3	<b>3 252 490</b>	<b>4 479 697</b>
<b>Finansielle anleggsmidler</b>			
Investeringer i tilknyttede selskap		426 000	426 000
Investeringar i aksjar og andelar		3 000	3 000
Andre langsiktige fordringar		1 680 745	1 516 275
<b>Sum finansielle anleggsmidler</b>		<b>2 109 745</b>	<b>1 945 275</b>
<b>Sum anleggsmidler</b>		<b>5 362 235</b>	<b>6 424 972</b>
<b>OMLØPSMIDLAR</b>			
<b>Varar</b>			
Lager av varar og anna beholdning		229 128	227 969
<b>Sum varar</b>		<b>229 128</b>	<b>227 969</b>
<b>Fordringar</b>			
Kundefordringar		1 182 274	3 597 259
Andre kortsiktige fordringar	6	939 081	1 623 537
<b>Sum fordringar</b>		<b>2 121 355</b>	<b>5 220 796</b>
Bankinnskott, kontantar o.l.		11 137 069	12 077 749
<b>Sum bankinnskott, kontantar o.l.</b>		<b>11 137 069</b>	<b>12 077 749</b>
<b>Sum omløpsmidler</b>		<b>13 487 553</b>	<b>17 526 513</b>
<b>SUM EIENDELAR</b>		<b>18 849 788</b>	<b>23 951 485</b>



# BALANSE

	NOTE	2022	2021
<b>EIGENKAPITAL OG GJELD</b>			
<b>EIGENKAPITAL</b>			
<b>Innskott eigenkapital</b>			
Aksjekapital	4, 5	600 000	600 000
<b>Sum innskott eienkapital</b>		<b>600 000</b>	<b>600 000</b>
<b>Opptjent eigenkapital</b>			
Anna eigenkapital	4	7 194 732	9 695 061
<b>Sum opptjent eigenkapital</b>		<b>7 194 732</b>	<b>9 695 061</b>
<b>Sum eigenkapital</b>		<b>7 794 732</b>	<b>10 295 061</b>
<b>GJELD</b>			
Andre avsetningar for forpliktelser		783 708	783 708
<b>Sum avsetningar for forpliktelser</b>		<b>783 708</b>	<b>783 708</b>
<b>Kortsiktig gjeld</b>			
Leverandørgjeld		723 988	1 026 930
Skuldig offentlege avgiftar		2 699 126	2 454 336
Anna kortsiktig gjeld		6 848 233	9 391 450
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<b>10 271 347</b>	<b>12 872 716</b>
<b>Sum gjeld</b>		<b>11 055 056</b>	<b>13 656 424</b>
<b>SUM EIGENKAPITAL OG GJELD</b>		<b>18 849 788</b>	<b>23 951 485</b>

Molde 27. februar 2023

*Leon J. Aurdal*  
Leon Jarle Aurdal  
styreleiar

*Einar Hernborg*  
Einar Hernborg  
nestleiar

*Oskar Skulstad*  
Oskar Skulstad  
styremedlem

*Aud Solveig Malmedal*  
Aud Solveig Malmedal Pedersen  
styremedlem

Johanna Mørck  
styremedlem

*Marit Ingvild Aas*  
Marit Ingvild Aas  
styremedlem

*Roger Bach*  
Roger Bach  
styremedlem

*Kristian L. Strømskåg*  
Kristian Lykkeslet Strømskåg  
daglig leder

# NOTAR

## NOTE 1 REGNSKAPSPRINSIPPER

Årsrekneskapen er satt opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapsskikk for små føretak.

Desse rekneskapsprinsipp er brukt: Inntekt er blir resultatført etter kvar einskild framsyning. Kostnader blir behandla etter samanstillingsprinsippet, dvs. at kostnader tas med i same periode som tilhørande inntekt resultatføres.

Omløpsmiddel og kortsiktig gjeld omfattar postar som forfell til betaling innan eitt år. Andre postar er klassifiserte som anleggsmiddel/langsiktig gjeld.

Omløpsmiddel er vurderte til lågaste av innkjøpskostnad og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Anleggsmiddel er vurderte til innkjøpskostnad, men blir nedskrivne til verkeleg verdi dersom ein ikkje forvent ar at verdifallet er forbigåande.

Kundefordringar og andre fordringar er førde i balansen til pålydande. Avsetjing til t ap blir gjort på grunnlag av individuelle vurderingar av dei einskilde fordringane. Det er ikkje gjort avsetjing til eventuelle tap pr 31.12.

Varige driftsmiddel blir balanseførde og avskrivne lineært over forventa økonomisk levetid.

Aksjar og delar i dotterselskap og tilknytt selskap er oppført til anskaffingskost, justert for eventuell varig nedgang i verdi.

Varer vurderast til det lågaste av anskaffingskost og verkeleg verdi. Pensjonsforpliktingar er ikkje balanseført. Kostnaden er lik premien.

Selskapet driv kafé. Denne er skattepliktig, medan anna drift er friteken for skatt.

## NOTE 2 LØNSKOSTNADAR

	2022	2021
Løningar	26 127 238	25 050 939
Folketrygdavgift	4 089 237	3 903 909
Pensjonskostnader	3 479 560	3 273 920
Andre lønskostnader	366 222	389 301
<b>Sum</b>	<b>34 062 257</b>	<b>32 618 069</b>

Gjennomsnittleg årsverk	41	38
----------------------------	----	----

Teatret Vårt har ordinær tariffesta tenestepensjonsordning og AFP gjennom pensjonsordning i Kommunal Landspensjonskasse samt innskuddspensjon gjennom Sparebank 1. Pensjonsforpliktelsen er ikkje balanseført, men innskuddsfond i Sparebank 1 inngår i post en andre lang-siktige fordringar med kr 935 038.

## NOTE 3 VARIGE DRIFTSMIDLER

	Bilar	Maskiner, inventar	Webside	Totalt
Anskaffelseskost 1.1.	2 743 985	14 380 967	694 511	17 819 463
Tilgang i løpet av året		301 616		301 616
Avgang i løpet av året				
Akkumulerte avskrivninger	-2 004 784	-11 290 214	-143 379	-13 438 377
Bokført verdi 31.12.	739 201	3 392 369	551 132	4 682 702
Årets avskrivninger	134 468	912 675	31 837	1 078 980
Avskr.tid	10 år	10 år	3 år	
Avskrivningsplan	Lineær	Lineær	Lineær	

#### **NOTE 4 EIGENKAPITAL**

	Aksje- kapital	Annan EK	Sum
Eigenkapital pr. 01.01.	600 000	9 695 061	10 295 061
Årsresultat		-2 500 329	-2 500 329
Eigenkapital pr. 31.12.	600 000	7 194 732	7 794 732

#### **NOTE 5 TAL PÅ AKSJAR, AKSJEEIGARAR M.V.**

Selskapets aksjekapital på kr 600 000,- består av 300 aksjer à pålydande kr. 2 000,-. Alle aksjar har lik stemmerett.

Selskapets aksjonærer er:	Antall	Eigerandel
Møre og Romsdal fylke	132	44%
Molde kommune	132	44%
Ålesund kommune	24	8%
Noregs Ungdomslag, Møre og Romsdal	12	4%
Sum	300	100%



**LUNSJ OG LYRIKK**

Framsyningar: 7  
Publikum: 258





## TEATEREKSPRESSEN

Regi **Mats Eldøen**  
Dramaturg **Ester Gjermundnes**  
Visuell konsulent **Monica Valsø**  
Lyskonsulent **Henrik Stoltz Vernegg**

Med **Kristoffer Egset, Preben Lillebø**  
**Rongve, Eline Øverby**

Première 28. mai 2022 i Hauglegda 14  
B, Molde

Framsyningar: 47  
Publikum: 1 200

# REVISJONSBERETNING



BDO AS  
Næringsmiddel  
Sprøyeboks 15  
6405 Molde

## Uavhengig revisors beretning

Til generalforsamlingen i AS Regionteatret I Møre og Romsdal

### Konklusjon

Vi har revidert årsregnskapet til AS Regionteatret I Møre og Romsdal.

#### Årsregnskapet består av:

- Balanse per 31. desember 2022
- Resultatregnskap for 2022
- Noter til årsregnskapet, herunder et sammendrag av viktige regnskapsprinsipper.

#### Etter vår mening:

- Oppfyller årsregnskapet gjeldende lovkrav, og
- Gir årsregnskapet et rettviseende bilde av selskapets finansielle stilling per 31. desember 2022 og av dets resultater for regnskapsåret avsluttet per denne datoen i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge.

### Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med International Standards on Auditing (ISA-ene). Våre oppgaver og plikter i henhold til disse standardene er beskrevet nedenfor under Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet. Vi er uavhengige av selskapet i samsvar med kravene i relevante lover og forskrifter i Norge og International Code of Ethics for Professional Accountants (inkludert internasjonale uavhengighetsstandarder) utstedt av International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglene), og vi har overholdt våre øvrige etiske forpliktelser i samsvar med disse kravene. Innhentet revisjonsbevis er etter vår vurdering tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

### Styret og daglig leders ansvar for årsregnskapet

Styret og daglig leder (ledelsen) er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet og for at det gir et rettviseende bilde i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge. Ledelsen er også ansvarlig for slik intern kontroll som den finner nødvendig for å kunne utarbeide et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil.

Ved utarbeidelsen av årsregnskapet må ledelsen ta standpunkt til selskapets evne til fortsatt drift og opplyse om forhold av betydning for fortsatt drift. Forutsetningen om fortsatt drift skal legges til grunn for årsregnskapet så lenge det ikke er sannsynlig at virksomheten vil bli avvirket.

### Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet

Vårt mål er å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil, og å avgi en revisjonsberetning som inneholder vår konklusjon. Betryggende sikkerhet er en høy grad av sikkerhet, men ingen garanti for at en revisjon utført i samsvar med ISA-ene, alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misligheter eller utilsiktede feil. Feilinformasjon er å anse som vesentlig dersom den enkeltvis eller samlet med rimelighet kan forventes å påvirke de økonomiske beslutningene som brukerne foretar på grunnlag av årsregnskapet.

BDO AS, et norsk aksjeselskap, er datterselskap i BDO International Limited, et engelsk selskap med begrenset ansvar, og er en del av det internasjonale nettverket BDO, som består av uavhengige selskaper i de enkelte land. Foretaksregisteret: NO 993 606 650 MVA.

side 1 av 2



For videre beskrivelse av revisors oppgaver og plikter vises det til:  
<https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger>

BDO AS

Jan Inge Torset  
statsautorisert revisor  
(elektronisk signert)

BDO AS, et norsk aksjeselskap, er datterselskap i BDO International Limited, et engelsk selskap med begrenset ansvar, og er en del av det internasjonale nettverket BDO, som består av uavhengige selskaper i de enkelte land. Foretaksregisteret: NO 993 606 650 MVA.

side 2 av 2



## STØTTA AV



## GENERALSPONSOR



## HOVUDSPONSORAR



Momsdals Budtjette

Scandic  
ALEXANDRA MOLDE

Sommerposten

# STATISTIKK 2022

Eigenproduksjonar	Framsyingar	Publikum
Dei som fer	15	691
Drømmespillet	22	631
Akustisk aften - Elias og Lars	2	75
Jo mere vi er sammen	19	1 055
Teaterekspressen	47	1 200
Tre griser og en ulv	9	948
Teatret Vårt 50 år	5	662
Den som henger i en tråd	17	1 464
Teaterrotta	38	699
Da e va lita	23	925
Tvillingene	26	2 584
Julekveld med Teskjekjerringa	24	3 451
Jul i gamle dager	8	283
Hip Håp	2	87
Åpen dag	1	200
Jul på plassen	1	75
Kaféaktivitet	1	50
Jubileumssprell	4	103
Afternoon Tea	2	122
Lunsj og Lyrikk	15	533
Opplev mer	26	1 594
<b>SUM EIGENPRODUKSJONAR</b>	<b>307</b>	<b>17 432</b>

Samproduksjonar	Framsyingar	Publikum
Bondetinget	13	525
Puls	24	965
<b>SUM SAMPRODUKSJONAR</b>	<b>37</b>	<b>1 490</b>

Gjestespel	Framsyingar	Publikum
Detektivbyrå nr. 2	1	200
Tore Sagen gjør standup	1	682
Hilde Louise Asbjørnsen- Stardust	1	390
Hedda Gabler	1	384
Alle fantastiske ting	1	122
Garasjeprat	1	39
Haugtussa	2	177
Det går bedre no	2	478
Nocturnal	1	33
Fra småby til Wembley	1	135
Pianistimo	1	27
Da var det oss	1	233
Mine venner	1	169
Skriblerier og melodonter	1	28
Twitter Theatre	1	40
Ved målet	2	362
Verden har ingen hjørner	2	66
Mellomland	1	55
Det er hardt å være bitch	2	201
Lev sjøll!	2	164
Nissen som mista trua på seg sjøl	6	445
Mio min Mio	4	348
Snekker Andersen	2	88
<b>SUM GJESTESPEL</b>	<b>38</b>	<b>4 866</b>

**SUM TOTALT** **382** **23 788**

## NØKKELTAL

Publikum	23 788
Framsyringar	382
Billettinntekter	2 647 403
Tilskott for DKS turnéar	0
Gj.snitt inntekt pr. billett inkl DKS	111,3
Kulturdepartementet	35 951 992
Kulturdepartementet (husleige)	2 895 000
Møre og Romsdal fylkeskommune	7 515 000
Møre og Romsdal fylkeskommune (husleige)	2 104 000
Molde kommune	5 844 000
Ålesund kommune	1 171 036
<b>Samla tilskott</b>	<b>55 481 028</b>

## ØKONOMISK RESULTAT

	2022	2021	2020
<u>Inntekter:</u>			
Billettsal	2,6	2,1	3,0
Kafé	3,0	2,0	2,1
Anna	4,2	3,0	3,0
Tilskott	54,2	51,5	50,7
Sum	64,0	58,6	58,8
<u>Kostnader</u>			
Drift	66,7	57,8	55,6
Finansk.	-0,2	-0,2	-0,1
Ekstraord.	0	0	0
Sum	66,5	57,6	55,5
Resultat	-2,5	1,0	3,3
Eigenkapital pr 31.12			
Sum	7,8	10,3	9,3



## TRE GRISER OG EN ULV

Av Bjørnar Lisether Teigen

Musikk Erik Teigen

Med Jon Vegard Hovdal, Ingrid  
Myhre Lovik, Bjørnar Lisether  
Teigen, Olavus Frostad Udbye

Premiere 21. mai 2022 på Teatret Vårt,  
Molde.

Framsnyngar: 9  
Publikum: 948





**Verd å se, verd å høre og verd å få med seg. ROMSDALS BUDSTIKKE**

**På Teatret Vårt har Toril Solvang tatt utgangspunkt i Nini Roll Ankers arbeiderroman, men brukt den godt til å si noe viktig om vår egen tid. For vi har alt for mye å ha på oss. Og ingenting å skjule oss bak. SCENEKUNST.NO**

**Dei tre på scena er fortrulege med stoffet, spelar godt i hop, og med enkle middel gjer dei at vi forstår om dei er ei abortsøkjande jente i Molde for 90 år sia eller offer for storspekulantar i Bangladesh i dag. I løpet av berre 80 minutt greier dei å sveipe innom både det historiske bakteppet frå Ankers roman, situasjonen for dagens syersker, fagorganisering, utbytting, kvinneundertrykking, abort og kampen for natur og miljø. KLASSEKAMPEN**

**Den som henger i en tråd» tar inn mange problemstillingar som herjar samfunnet no – og då. Om eit liv i tekstilindustrien kan verka fjernt for mange, så er til dømes abortsaka stadig aktuell. Stykket er eitt av dei som markerer 50-årsjubileet til Teatret Vårt. Og det er ei sprek markering. NRK**





## DEN SOM HENGER I EN TRÅD

Basert på Nini Roll Ankers roman  
ved samme navn  
Dramatisert av Toril Solvang

Regi **Toril Solvang**  
Scenograf og kostymedesigner  
**Marcus Olson**  
Komponist og musiker: **Sandra Kolstad**  
Med **Johanna Mørck, Ingrid Myhre**  
**Løvik** og **Kjersti Botn Sandal**

Premiere 24. august 2022  
på Teatret Vårt, Molde.

Framsyningar: 17  
Publikum: 1 464

# REPERTOAR 2022



## DEI SOM FER

av **Mette Karlsen** og **Arne Lygre**

Regi **Mari Vatne Kjeldstadli**

Scenografi, kostyme og lysdesign

**Agneth Tellefsen**

Musikk **Ingvald Langgård**

Regiassistent **Rania Broud**

Med **Mari Strand Ferstad, Ingrid Myhre Løvik, Johanna Mørck, Kjersti Botn Sandal, Tov Sletta**

Takk til **Arnstein Hoem, Line Bjørnerem, Mary-Ann Bjørnerem, Anne Jorun Frostad, Ingvil Grytli, Anne Hungnes, Lena Håre, Steinar Johnsen, Anne Grete Kleven, Hilde Kortgård, Kristina Vik Myrvold, Kristine Nakken, Kjersti Nordbø, Anne Paustian, Unni M. Aspehjel, Ris-haug, Lise Ræstad, Heidi Skarvøy, Karin Skjetne, Olav Stavik.**

Urpremiere 28. januar 2022 på Teatret Vårt, Molde.

Framsyningar: 15  
Publikum: 691



## DRØMME- SPILET

Fritt etter *Et drømmespill* av **August Strindberg**

Regi **Vera Krohn Svaleng** og **Eline Øverby**

Kostyme og maske **Johanna Dahlbäck**

Lyddesign og musikk **Felipe Noriega**

Lysdesign **Jonas P A**

**Fuglseth**

Maskør **Anita Jacobsen Marø**

Med **Sigrid Alnæs, Kristoffer Egset, Jon Vegard Hovdal, Anne Wiig, Linn Christine Wennersten, Eline Øverby**

Premiere 22. mars 2022 på Arbeideren kulturhus, Ålesund

Framsyningar: 22  
Publikum: 631



## JO MERE VI ER SAMMEN

av **Kjøllmoen/Vedel**  
Manus og regi **Leiv Arne Kjøllmoen**

Manus og dramaturgi

**Henriette Vedel**

Scenografi og kostymedesign

**Froya Sif Hestnes**

Lysdesign **Jonas P A**

**Fuglseth**

Med **Elias Moussaoui Anseth, Ingrid Myhre Løvik, Johanna Mørck og Olavus Frostad Udbye**

Urpremiere 23. mars 2022 på Teatret Vårt, Molde

Framsyningar: 19  
Publikum: 1 055



## TEATER- EKSPRESSEN

Regi **Mats Eldøen**  
Dramaturg **Ester Gjermundnes**

Visuell konsulent **Monica**

**Valø**

Lyskonsulent **Henrik Stoltz**

**Vernegg**

Med **Kristoffer Egset, Preben Lillebø Rongve, Eline Øverby**

Urpremiere 28. mai 2022 i Hauglegda 14 B, Molde

Framsyningar: 47  
Publikum: 1 200



## TRE GRISER OG EN ULV

Av **Bjørnar Lisether Teigen**  
Musikk **Erik Teigen**

Med **Jon Vegard Hovdal,**

**Ingrid Myhre Løvik,**

**Bjørnar Lisether Teigen,**

**Olavus Frostad Udbye**

Urpremiere 21. mai 2022 på Plassen, taket.

Framsyningar: 9

Publikum: 948



## FESTFORESTILLING MED STJERNELAG TEATRET VÅRT 50 ÅR

Regissør **Kristian Lykkeslet**

**Strømskag**

Dramaturg **Carl Morten**

**Amundsen**

Scenograf **Thomas**

**Bjørnager**

Lysdesigner **Jonas P A**

**Fuglseth**

Teatermaler **Hans Erik**

**Olsen**

Musikere **Henning Sommerro** og **John Pål Inderberg**

Med **Kjetil Bang-Hansen, Morten Borgersen, Terje Hartviksen, Gøril Haukebø, Ola B. Johannessen, Siren Jørgensen, Astrid Overaa, Pål Rønning, Vidar Sandem, Vivi Sunde, Ane Dahl Torp, Knut Walle**

Arrangementet er et samarbeid mellom Teatrets Venner og Teatret Vårt

Urpremiere 25. mai 2022 på Teatret Vårt

Framsyningar: 5  
Publikum: 662





## DEN SOM HENGER I EN TRÅD

Basert på Nini Roll Ankers roman ved samme navn

Dramatisert av **Toril Solvang**  
Regi **Toril Solvang**

Scenograf og kostymedesigner **Marcus Olson**

Komponist og musiker **Sandra Kolstad**

Med **Johanna Mørck, Ingrid Myhre Løvik** og **Kjersti Botn Sandal**

Premiere 24. august 2022  
på Teatret Vårt

Framsyingar: 17  
Publikum: 1 464



## TEATERROTTA

Av og med **Lina Taule**  
Fjertoft

Framsyingar: 38  
Publikum: 699



## DA E VA LITA

Av og med **Astrid Overaa**

Musiker **Jan Gunnar Åkre**

Regikonsulent **Kjersti Botn Sandal**

Framsyingar: 23  
Publikum: 925



## TVILLINGENE

En versjon av **Kjetil Bang-Hansen** fritt etter **William Shakespeare**

Regi **Kjetil Bang-Hansen**  
Scenografi og kostymedesign **Even Børsum**

Lysdesign **Øyvind Wangensteen**  
Bevegelsesinstruktør **André Moi Danielsen**  
Pianist og arrangør **Per Christian Revholt**

Med **Nils Vogt, Kim Haugen, Kirsten Hofseth, Johanna Mørck, Ingrid Myhre Løvik, Kristoffer Egset, Eline Øverby, Sverre Røssummoen**

Premiere 15. oktober 2022  
på Teatret Vårt

Framsyingar: 26  
Publikum: 2 584



## JULEKVELD MED TESKJEKJEERINGA

Dramatisert av **Kjersti Botn Sandal**  
Basert på Alf Prøysens bøker

Regi **Kjersti Botn Sandal**

Scenografi og kostymedesign **Leiko Fuseya**

Lysdesign **Jonas P. A. Fuglseth**

Musikalsk ansvarlig **Jonas Høgseth**

Med **Eline Øverby, Ingrid Myhre Løvik, Kristoffer Egset** og dansere fra **Noise**

Framsyingar: 24  
Publikum: 3 451

# TILSETTE VED TEATRET VÅRT

## Skodespelarar/kunstnarleg tilsette

Sara Fellman	skodespelar
Johanna Mørck	skodespelar
Lars Melsæter Rydjord	skodespelar
Bjørnar Lisether Teigen	skodespelar

## Engasjerte skodespelarar/kunstnarlege tilsette

Agnethe Tellefsen	scenograf/lysdesign
Ane Dahl Torp	skodespelar
Anne Helene Bertelsen Wiig	skodespelar
Astrid Overaa	skodespelar
Elias Moussaoui Anseth	skodespelar
Eline Øverbø	regi/skodespelar
Even Børsum	scenograf/kostyme
Felipe Noriega	komponist
Gøril Haukebø	skodespelar
Henning Sommerro	musikar
Ingrid Myhre Løvik	skodespelar
Jan Gunnar Åkre	musikar
Jonas Høgseth	musikalsk ansvarleg
Johanna Dalbäck	scenograf/kostymedesign
John Pål Inderberg	musikar
Jon Vegard Hovdal	skodespelar
Kim Haugen	skodespelar
Kirsten Hofseth	skodespelar
Kjersti Botn Sandal	instruktør/skodespelar
Kjetil Bang-Hansen	regi
Knut Walle	skodespelar
Kristoffer Egset	skodespelar
Lina Taule Fjærtøft	konsept/skodespelar
Mari Strand Ferstad	skodespelar
Mari Vatne Kjelstadli	regi
Morten Borgersen	skodespelar
Nils Vogt	skodespelar
Ola B. Johannessen	skodespelar
Olavus Frostad Udbye	skodespelar
Preben Rongve	skodespelar
Pål Rønning	skodespelar
Rania Broud	regiassistent
Sigrid Alnæs	skodespelar

Siren Jørgensen	skodespelar
Sverre Røssummoen	skodespelar
Terje Hartviksen	skodespelar
Tov Sletta	skodespelar
Vidar Sandem	skodespelar
Vivi Sunde	skodespelar
Øyvind Wangensteen	lysdesign
André Moi Danielsen	bevegelsesinstruktør
Anita Jacobsen Marø	maskør
Carl Morten Amundsen	dramaturg
Erik Lisether Teigen	musikk
Ester Gjermundnes	dramaturg
Freya Sif Hestnes	scenograf/kostyme
Hans Erik Olsen	teatermaler
Henriette Vedel	manus/dramaturgi
Henrik Stoltz Verneegg	lyskonsulent
Ingvild Langgård	komponist
Leiv Arne Kjellmoen	manus/regi
Leiko Fuseya	scenograf/kostyme
Mads Eldøen	regi
Marcus Olson	scenograf/kostyme
Monica Valsø	visuell konsulent
Per Christian Revholt	pianist og arrangør
Sandra Kolstad	komponist
Thomas Bjørnager	scenograf
Toril Solvang-Kayimbakis	dramatikk/regi

## Administrasjon

Bente M. Hoflandsdal	løn- og rekneskapsleiar
Bjørk Dyrnes	billettseljar
Emilie Dyrkorn	billettseljar
Enya Gustava L. Gundersen	marknadsmedarbeidar
Gunn Talstad	sekretær
Ingvild Vaagsether	marknadsleiar
Kjersti Solenes	marknadsleiar (permisjon)
Knut Lidvard Høgset	direktør
Kristian Lykkeslett Strømshag	teatersjef
Linn Christine Wennersten	formidlingsleiar/skodespelar
Marianne Myrbostad	formidlingsleiar (permisjon)
Mary Farstad	adm.konsulent
Monica Hagset	økonomikonsulent
Rolf-Inge Pedersen Hjelseth	informasjonsleiar
Solveig Dyrnes	salsleiar
Vera Svaleng Krohn	kunstnerisk leiar

### Teknisk avdeling

Aleksandar Panayotov	snikkar/sceneteknikar
Arnstein Hoem	smed/sjåfør
Elin Berg	leiar systova
Elin Nyheim	inspisient
Freya Imogen L. Busby	rekvisitør (permisjon)
Georgina Alexander	inspisient
Halvard Fiksdal	produsent
Henrik S. Solberg	teknikarassistent
Ingvar Kristensen	teknikar
Jonas P A Fuglset	teknikar
Lasse Skrivarhaug	teknikar
Svein Larsen	teknisk leiar
Tine Smith-Hjelmerud	inspisient
Tore Hagseth	rekvisitør/sceneteknikar
Vilde Ingebrigtsen Pettersen	kostyme (permisjon)
Weng I Ho	kostyme

### Engasjerte i teknisk avdeling

Arve Øverli	metallarbeider
Bergliot Rørvik	rekvisitør
Gerd Gangstad Austnes	kostyme
Hanna Sønderland	inspisient
Mari Kleppen Watn	sufflør
Rebecca Dahle	kostyme
Roy Carlsen	produsent
Sam Chia	kostyme

### Kafé Kurt

Anna Magdalena Zbidi	ekstrahjelp
Arnaud Camut	ekstrahjelp
Asta Navickiene	ekstrahjelp
Aude Chevet-Wollan	kokk/servering
Audrone Lukoseviciene	servering
Benas Prochorenka	ekstrahjelp
Caroline Amelie Lind	servering
Cecilie Opshaug	servering
Jaime Santana Falces	ekstrahjelp
Martinez Eugenio	ekstrahjelp
Mohamed Zbidi	kjøkkensjef
Olga Skwiot	ekstrahjelp
Pawel Kowalski	kokk
Tomas Coellho Do Prado	ekstrahjelp

## STYRET

### Representant frå Møre og Romsdal fylkeskommune:

Leon Jarle Aurdal	styreleiar
Marit Ingvild Aas	styremedlem
Roar Bach	styremedlem
Kjersti Andersen	varamedlem

### Representant frå Molde kommune:

Einar Hernborg	nestleiar
Ingvild Espelid Wold	varamedlem

### Representant frå Ålesund kommune:

Oskar Skulstad	styremedlem
Kari Grindvik	varamedlem

### Representant frå Noregs Ungdomslag, Møre og Romsdal:

Aud Solveig Pedersen Malmedal	styremedlem
Reidun Synnøve Flatøy	varamedlem

### Representant frå dei ansatte:

Jonas Poul Aspenberg Fuglseth	styremedlem
Johanna Marie Bækkevold Mørck	1. varamedlem
Monica Hagset	2. varamedlem

## REPRESENTASJON

### Høstscena, Ålesund Teaterfestival

Kristian Lykkeslet Strømskag

### Norsk teater- og orkesterforening

Kristian Lykkeslet Strømskag

### Norsk teaterlederforum

Kristian Lykkeslet Strømskag

Knut Lidvard Høgset

### Molde Kulturbbygg AS

Leon Jarle Aurdal

Kristian Lykkeslet Strømskag

### Representantskapet Moldejazz

Kristian Lykkeslet Strømskag

### Aggregat kunstnerfelleskap

Kristian Lykkeslet Strømskag

TE  
ATRE  
T VÅRT

AS REGIONTEATRET I MØRE OG ROMSDAL  
Telefon 71 24 02 80 - E-post: [post@teatretvart.no](mailto:post@teatretvart.no) - Internet: [www.teatretvart.no](http://www.teatretvart.no)